

## **Vedtekter for Frivilligsentralen i Sogndal**

Vedtekne av kommunestyret den 09.09.10.

### **Eigar**

Frivilligsentralen i Sogndal er eigd av Sogndal kommune.

### **Føremål**

Frivilligsentralen i Sogndal skal bidra til å styrkje den frivillige innsatsen i kommunen.

Frivilligsentralen skal vere

- ein sentral møteplass for frivillig arbeid i kommunen
- ein brubyggjar og koordinere frivillig innsats i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar, institusjonar, kyrkja, flyktningane, alle skulane i kommunen og næringslivet
- eit bindeledd mellom dei som ønskjer å yte og dei som ønskjer å ta imot ein ubetalt innsats i lokalmiljøet
- vere eit tillegg til offentleg verksemd og ikkje formidle betalte tenester.

### **Årsmøtet**

Formannskapet utgjer årsmøtet og er sentralen sitt øvste organ. Møtet skal haldast i første formannskapsmøte i mars kvart år og kunngjerast minst 7 dagar før med saksliste. Styret har tale- og framleggsrett.

Saker som skal handsamst er:

- a. Godkjenning av rekneskap
- b. Årsmelding
- c. Årsplan
- d. Budsjett
- e. Val av leiar for 1 år av gongen
- f. Andre saker (t.d. vedtektsendring).

Ekstraordinært årsmøte skal haldast om formannskapet eller styret krev dette.

### **Styret**

Styret har ansvaret for å nå måla for frivilligsentralen og har mellom anna følgjande konkrete arbeidsoppgåver:

- Drift av sentralen i samsvar med gjeldande vedtekter og godkjende retningslinjer
- Utarbeide budsjett og rekneskapskontroll
- Utarbeide pålagde rapportar
- Sende årsmelding og rekneskap til departementet innan 1. april kvart år
- Sende søknad om driftstilskot innan 1. november kvart år.

Styret skal vere sett saman av minimum 5 personar med personlege vararepresentantar:

- Ein politisk vald representant for den politiske valperioden vald av kommunestyret
- Ein representant peika ut av rådmannen
- Tre representantar valde frå det årlege kontaktmøtet for 2 år om gongen (ved første val vert 2 valde for 1 år).

Det er viktig med kontinuitet i styret. Difor bør val av medlemmar i styret skje på ulike år. Dette gjeld ikkje den politisk valde representanten.

Det skal haldast minst fire styremøte årleg.

### **Dagleg leiar**

Det er tilsett dagleg leiar for frivilligsentralen. Sogndal kommune har arbeidsgjevaransvar og tilset dagleg leiar. Dagleg leiar har medarbeidarsamtale med rådmannen i kommunen. Styret utarbeidar stillingsomtale. Stillingsomtalen er arbeidsplan til dagleg leiar. Dagleg leiar er sekretær for styret.

### **Kontaktmøte**

Det skal kvart år – før årsmøtet – haldast eit breitt og ope kontaktmøte med frivillige lag og organisasjonar, institusjonar og andre interesserte i regi av frivilligsentralen. Møtet skal ta opp idear og meiningar som til ei kvar tid er aktuelle, og skal vere ein myldreplass på tvers av grensene i lokalmiljøet. Kontaktmøtet skal velje tre representantar til styret.

### **Finansiering**

Det vert lagt til grunn at staten gjennom tilskot dekker 60% av kostnadene. 40% av kostnadene vert dekkja av Sogndal kommune gjennom kjøp av tenester og andre lokale midlar. Midlane frå staten skal gå til å dekkje lønsutgifter inkludert sosiale utgifter for dagleg leiar. Dersom midlane ikkje vert nytta i inneverande år, skal dei overførast til nest år mot tilsvarende frådrag i neste års tildeling.

Dersom frivilligsentralen vert lagt ned, skal restmidlane tilbakeførast til departementet.